

T: Luk. 1, 30-32, tilrettelagt av S.Feldhusen, omsett av A.K.Stormyr M: Sylke Feldhusen 2005

1) Ver ikkje redd, Maria, Maria! Ver ikkje redd, Maria, Maria, Maria!  
Du skal bli med barn og få ein son, du skal bli med barn og få ein son,  
Du skal gje han namnet Jesus.  
Ver ikkje redd, Maria, Maria! Ver ikkje redd, Maria, Maria, Maria!  
Du har funne nåde hos Gud.

2) Gled deg, Maria, Maria! Gled deg, Maria, Maria, Maria!  
Han skal vere konge til evig tid, han skal vere konge til evig tid,  
utan ende er hans rike.  
Gled deg, Maria, Maria! Gled deg, Maria, Maria, Maria!  
Du har funne nåde hos Gud.

Liturgi- alment Kyrie - 77

Kyrie eleison, Gud Fader miskunna deg  
Kriste eleison, Herre Krist miskunna deg  
Kyrie eleison, Heilag Ande miskunna deg

Liturgi- alment Gloria - 77

L: *Ære vere Gud i det høgste.* Alle: Og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i. Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen!

T&M: Bjarte Leithaug

1. (Solo:) **Ein fin dag i mars** såg eg snøklukka stå med bjeller så kvite og fine.

(Alle:) Då tenkte eg, då trudde eg at no var det vår, og kasta bort dei gamle skia mine.

Men vinteren, ja vinteren, den kalde kvite vinteren, var enno like kald.

2. (Solo:) **Ein fin dag i april** såg eg seljetre stå med gåsungar mjuke og fine.

(Alle:) Då tenkte eg, då trudde eg at no var det vår og kasta av dei varme kleda mine.

Men vinteren, ja vinteren, den kalde kvite vinteren var enno like kald.

Bru: Nanana.....

3. (Solo:) **Ein fin dag i mai** såg eg løvetann stå med gullkroner lyse og fine.

(Alle:) Då tenkte eg, då trudde eg at no var det vår og kasta alle sorgene mine.

For vinteren, ja, vinteren, den kalde kvite vinteren var ikkje meir å sjå.

Bru: Nanana.....

For vinteren, ja vinteren, den kalde kvite vinteren var ikkje meir å sjå.

For vinteren, ja vinteren, den kalde kvite vinteren var ikkje meir å sjå.

N13 nr.123 (T & M: frå Thüringen/ O: Vidar Kristenesen 2011)

1. Maria gjekk i tornesnar. Kyrie eleison.

Det berre tørre kvistar var der ho gjekk fram i tornesnar. Jesus og Maria.

2. Kva bar Maria inni seg? Kyrie eleison.

Eit lite barn som var på veg, det bar Maria inni seg! Jesus og Maria.

Då roser skaut i tørre snar. Kyrie eleison.

Dei helsa han Maria bar, med friske skot i tørre snar. Jesus og Maria.

Og kva for namn skal barnet ha? Kyrie eleison.

Han heiter Jesus, bodet sa at dette namn skal barnet ha. Jesus og Maria.

Kven kom med frelse hit til jord? Kyrie eleison.

Det gjorde Jesus, kongen stor, han kom med frelse her til jord. Jesus og Maria.

N13 nr.131 (T: Eyvind Skeie 1980/ M: Harald Gullichsen 1980)

1. Vi synger med Maria vår store glede ut  
til ham som gav oss Jesus, til himlens høye Gud.  
For hellig er hans navn, ja, hellig er hans navn.

2. Hans arm er sterk og mektig, med velde går han frem,  
men ser de små og svake og elsker nettopp dem.  
For hellig er hans navn, ja, hellig er hans navn.

3. Han lar sin nåde strømme mot sine barn på jord.  
Han holder det han lover. Vi stoler på hans ord.  
For hellig er hans navn, ja, hellig er hans navn.

4. Se, alle folk på jorden, de storverk Gud har gjort:  
De sultne gir han gaver, de rike sendes bort.  
For hellig er hans navn, ja, hellig er hans navn.

5. Stem opp den store lovsang om all Guds kjærlighet!  
Syng gledens sang om Jesus i tid og evighet!  
For hellig er hans navn, ja, hellig er hans navn.